

Frps valkamp-krampar

I helga kom det to ytringar frå Siv Jensen som stod i krass kontrast til kvarandre. I eit intervju i Dagbladet snakka ho om si kristne tru, og at ho «får ro av å gå i kirken». Greit nok det. Men same dag som intervjuet kom på trykk, stod ho på talarstolen i Ålesund og ba landets kommunar om å sabotera for dei svakaste blant oss: Flyktningane frå Syria.

«Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg». No skal ikkje eg hevda at eg er nokon bibel-ekspert. Men til og med eg har fått med meg denne passasjen frå Matteus. Ofra Siv Jensen dette verset ein tanke då ho gjekk frå «trusvedkjenninga» i Dagbladet til talarstolen?

Sjølvsagt gjorde ho ikkje det. Ho tenkte på stemmesedlar. Det er Frps vanlege strategi: Sanke stemmer ved å setja grupper i befolkinga opp mot kvarandre. Folk kan bli villeia av Frp til å tru at ein liten flokk flyktningar til kommunen vår av ein eller annan grunn vil gjera det trongt for oss andre. Det er ein hjarterå og vulgær valkamp-strategi, som nærer opp under den framandfrykta som alt fins i dette landet. Og lat meg få leggja til: Det stemmer sjølvsagt ikkje! Vi vil IKKJE få det verre av å hjelpa folk i naud!

Nabolanda til Syria har ikkje plass til fleire – vesle Libanon har alt tatt imot ein million flyktningar! Men i kampen om veljarane oppfordrar Siv Jensen oss til å spennja bein for skarve 8000 syrarar i forsøket på å koma til eit land som har både pengar og plass til å ta imot dei. Det er skammeleg!

Syrarane flyktar frå årevis med krig. Uskuldige sivile flyktar frå si eiga regjerings bomber og massakrar, dei flyktar frå opprørsgrupper, og dei flyktar frå IS som har teke over større og større delar av landet. Dette er den verste humanitære katastrofen sidan 2. verdskrig, då norske foreldre sende ungane sine ut av landet for at dei skulle vera trygge.

Er vi så historielause at vi let oss villeia av Siv Jensen i hennar smålege kamp om stemmer? Nei, sjølvsagt er vi ikkje det. Kommune-Noreg må danna ei motrørsle mot dette utspelet, mot egoisme og framandfrykt. Eg ser i Dagbladet at fleire av landets Frp-ordførarar trassar Siv, og tek imot flyktningane med stor ro. Det er godt å sjå når den sunne fornufta rår, og bra at Kvinnherad også tek imot dei flyktningane som har vorte bedne om. Eg oppfordrar alle sambygdingar til å ta avstand frå Siv Jensens forsøk på å skaffa veljarar på denne måten.

Eli Hårklau,
Listekandidat for Miljøpartiet Dei Grøne